

BOKN BYGDABLAD

NR. 1 - FEBRUAR 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

BOKN PLAST VIL UTVIDA

Bokn Plast søkte for ei tid sidan om tomt i industriområdet ved Knarholmen. Etter at bedrifta fekk tilsent forslaget til reguleringsplan for området, har dei funne at det ikkje framstår som særleg attraktivt samanlikna med eksisterande område i Føresvik. Bokn Plast ynskjer nå derfor å fylla ut i sjøen eit område mellom nåverande lagerplass i nord og fram til kaien. Steinmassene til dette ynskjer dei å ta ut i Knarholmen.

Vidare søkjer Bokn Plast om å byggja ein større hall på ca 740 m². Det er kome inn naboprotest på

planane om nybygg, og det er særleg byggehøgd og eventuell støy det blir peika på. I merknaden frå nabo blir det nemnt at bygget vil koma mellom bustadhus og sjøen, og derfor vil bli svært sjenerande.

Tidleg i desember 1994 hadde kommuneplanutvalet saka oppe til behandling. Dette utvalet stilte seg positive til søknaden og ba bygningsrådet om ei rask behandling. Saka skal sannsynlegvis opp i bygningsrådet den 14. februar som «ei mindre vesentleg reguleringsendring»



BOKN PLAST A/S

FASADEMOT NORD

SUNNALANDSSTRAUMEN

DEL 2

KURT HVEDING ER TIDLEGARE STATSLOS OG ER INTERESSERT I HISTORIE. I DIVERSE GAMLE ARKIV HAR HAN FUNNE INTERESSANTE HISTORISKE OPPPLYSNINGAR OM HAVNEUTBYGGING I BOKN. HER ER 2. DEL:

Da Bokn herredstyre i 1911 søkte om utdypning av havnene i herredet, prioriterte man slik:

- 1: Lauplandsvåg
- 2: Vågevåg
- 3: Kongshavn
- 4: Sunnalsstraumen

Denne rekkefølge holdt herredstyret på fram til høsten 1914, da ble det forandringer. Sunnalsstraumen ble satt opp som nr. 1, Kongshavn nr. 2, Lauplandsvåg nr. 3, Vågevåg nr. 4.

Så kan man saktens undres, hva hadde skjedd i disse årene?

Svaret finnes kanskje i Bokn kommunes arkiver.

Fiskerikonsulent Thor Iversen (senere havforsker som fikk et forskningsskip oppkalt etter seg), sendte i april 1915 en betenkning angående fiskerihavner i Bokn, til Fiskeridirektøren. Han pekte på at det var mangel på havner, særlig for småfartøyer, og at det hadde vært godt sildefiske siden 1909. Iversen mente at utdypning av Lauplandsvåg, Vågevåg og Kongshavn ville være til stor nytte for garn og notfolk. Vedr. Lauplandsvåg, mente han dette ville bli en meget god havn, men den burde ikke koste for mye, da lokaldampen neppe ville anløpe

stedet. Vågevåg ville bli en god havn også for større fartøyer. Kongshavn kunne nok bli en god havn, men sundet ville bli langt og vanskeleg for kystseilerne. Kystseilere dengang, det var jo seilfartøyer, - jakter, galeaser, slupper og store skjøyter. Det er høyst forståelig at det kunne by på problemer å seile dem igjennom Kongshavnsundet.

Iversen bemerket også at en utdypning av de tre sundene ville være av betydelig interesse for landeierne, da det ville bli stengt betydelig mer sild og brisling dersom det fantes en god og sikker havn for losjifartøyene. Landslotten har vel også spilt en viss rolle, skulle man tro. Sunnalsstraumen nevnte Iversen overhodet ikke i det hele tatt. Iversens betenkning gikk selvsagt til alle de berørte parter. Bokn herredstyre har nok merket seg både i hvilken rekkefølge Iversen nevner havnene, og at Sunnalsstraumen er utelatt. I møte den 20. august 1915 presiserer styret at rekkefølgen fra 28. nov. 1914 står ved lag. De sendte brev til amtmannen bilagt referat fra møtet. Formannskapet viste til at man ikke bare tok hensyn til lokale interesser, men særlig til behovene under vårsildfisket. Brevet er håndskrevet og undertegnet av

ordfører J. Håland. (Han hadde en aldeles nydelig håndskrift).

Bokn fiskeriforening lå heller ikke på latsiden. Formann i foreningen var nå Gabriel Dybing, den tidligere ordfører. I september 1915 holdt foreningen møte og påla formannen å sende myndighetene en «motiveret fremstilling». Det ble vedtatt at rekkefølgen av havnene skulle være:

1. Lauplandsvåg
2. Vågevåg
3. Kongshavn
4. Sunnlandsstraumen

Lauplandsvågen skulle utarbeides etter den minste plan. Set var nemlig to planer for denne havnen, en stor og en liten, eller en dyr og en billig, om man vil. 5 personer har underskrevet møteprotokollen.

Gabriel Dybing så et langt brev til Havnedirektøren om saken og viste til den prekære mangel på havner på Bokns østre side. For å belyse saken og situasjonen forteller han i brevet en historie som tas med i sin helhet: «Forrige vinter laa et logifartøi fra Tysvær paa Oksebaas, det gik godt de 2 første nætter, da var det stilt vær men saa røg det op med storm en hel uke.

Folkene gik over hver nat i oljeklærne og holdt paa og fortøiede, de satte op saa megen kjætting og liner de havde, tog av fiskeudstyret, og laante paa gaardene rundt om men ingen tænkte at det havde holdt, endelig løiet været saa de kom derifra nogenlunde «helskapt».

Føreren, en gammel sjøulk sagde det var med det fæleste han havde været med paa.»

Så spør det da, om denne historien gjorde inntrykk på Havnedirektøren. I brevet gir fiskeriforeningen uttrykk for sterk misnøye både med herredstyret og prioriteringen de har foretatt, hvor Sunnlandsstraumen er satt opp som nr. 1. De viser bl.a. til at dette anlegget alene vil koste mer enn de øvrige tre til sammen.

Distriktsingeniør Leegaard hadde i hele denne tiden arbeidet trutt med planene for Sunnlandsstraumen. Tegninger med kart over hele kanalanlegget og utdypningsplaner var klare. Kostnadsoverslag og masseberegninger likeså. Den 14. desember 1915 oversendte han det hele til Havnedirektøren. Han hadde også ordnet med de nødvendige grunnavståelser fra gårdene nordre og søndre Jøsang og Sunnaland. Kostnadsoverslagene så slik ut:

1. Sunnlandsstraumen kr. 219.000,-
2. Kongshavnsundet kr. 26.000,-
3. Lauplandsvågen kr. 34.000,-
4. Vågevågen kr. 20.000,-

Her skal man merke seg at Leegaard har holdt seg til gjeldende kommunale rekkefølge. Men i et følgeskriv viser Leegaard til Bokn fiskeriforenings prioritering og slutter seg til den. Han mener at fiskebåtene nå lettere kan ta seg fram i åpen sjø da de fleste har fått motor. Videre viser han til kostnadene. Det er grunn til å tro at det er fra Leegaard Dybing har fått sine tall. Disse to hadde jo

kjent hverandre en tid, ihvertfall fra 1911.

I januar 1916 sendte så havnedirektøren Dybings brev, distriktsingeniørens planer,

kostnadsoverslag og betenkeligheter vedr. prioriteringen, til amtmannen i Stavanger. Havnedirektøren støttet sin distriktsingeniør fullt ut. Bilag ble sendt ordføreren i Bokn.

MINNEORD

Daniel Are er død, 56 år gammel. Foreldra hans var Kristine og Jens J. Are. Daniel var nest yngst av 6 sysken. Han var gift med Berit, f. Gautesen, og dei hadde ei dotter - Elisabeth.

I yngre år hadde Daniel helst sjøen som arbeidsplass. Han var med på båtar på ulike typer fiske. Han arbeidde også ei tid på plattform i Nordsjøen den første tida dei begynte med oljeboring. Seinare har han hatt arbeid ved lakseoppdrett og ved Bokn Plast. Han var svært dyktig og påliteleg i arbeidet.

Daniel var særleg interessert i sjøen og det maritime miljøet, og mykje av fritid og ferie blei brukt i fritidsbåt, både til fiske og ferie.

Daniel var ein snill og stillfarande mann, med lun humor.

Ektefelle og barn lever etter han.

SLEKTERS GANG

Fødde:

19.09.94: Jorunn Schmeichler
og Vidar Grønnestad: Jente
03.10.94: Olaug Askeland og Ove
Kambestad: Amund
12.10.94: Ragnhild og Artur
Trosnavåg: Harald
23.10.94: Sonja Larsen og Brent
C.A. Mikkelsen: Gut
21.12.94: Solrunn Alvestad og Odd
Grønnestad: Jente

Døde:

01.09.94: Jensine Blikshavn
15.10.94: Ingolf Tallin Kro
11.11.94: Grethe Løvland
14.12.94: Daniel Are

Konfliktrådet

KONFLIKTRÅDET

Haugesund Interkommunale Konfliktråd.

Kontoradresse: Haugesund politikammer, Grønhauggt. 4, 5500 HAUGESUND

Telefon: 52 71 10 11, mobiltelefon: 94 61 30 70.

Åpent: mand. - fred. kl 08.00 - kl 15.30.

Dekker kommunene: Haugesund, Karmøy, Utsira, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Sauda og Suldal.

Det er lokale konfliktrådsmedlere i alle kommunene.

Konfliktrådets tjenester er gratis.

Konfliktrådets oppgave

«Konfliktrådet har til oppgave å megle i tvister som oppstår på grunn av at en eller flere personer har påført andre en skade, et tap eller en annen krenkelse.»

Straffesaker

Politiet kan bestemme at mindre straffesaker kan gå til meglings i konfliktråd, i stedet for til tradisjonell straffesaksbehandling. Det forutsettes at gjerningspersonen har lite eller ingenting på «rullebladet» fra før, og at begge parter samtykker til å løse konflikten /skaden på denne måten.

Ved å «gjøre opp for seg» vil vedkommende slippe å få saken på sitt «rulleblad».

Saker , som kan være aktuelle er: mindre skadeverk, tyveri/naskeri , mobbing/mindre legemsformærmselse m.m.

Sivile saker

Mange mellommenneskelige problemer/konflikter lar seg vanskelig løse . Konfliktrådet tilbyr å forsøke å hjelpe ved å opprette kontakt mellom partene, og ved å stille megler (e)til rådighet i evt. meglingsmøte(r).

Meglingen

Partene møtes til samtale/gjennomgang av hendelsesforløpet, og kommer til enighet om hvordan konflikten/skaden kan godtgjøres. Megler deltar i møtet og påser at avtalen er rimelig for begge parter. Konfliktrådet påser at avtalen blir innfridd.

ÅRSMØTE I IDRETTLAGET

Av 197 medlemmer møtte berre 6 vaksne og 10 barn

Kor blir det av medlemmene ?

Bokn Idrettslag hadde den 16. januar invitert til årsmøte kor m.a. to frå Mosterøy Idrettslag skulle orientera om den framgangen dei har hatt i sitt lag. Idrettslaget ville også diskutera eit evt. framtidig klubb-hus for Bokn IL.

Heldigvis - får ein vel seia, dei to frå Mosterøy blei forhindra av veret. Det ville helst vore litt flaut om dei fekk sjå kor liten oppslutning det er i laget vårt.

Skal Bokn IL bestå, treng dei støtte og hjelp av medlemmene sine.

Mange er med og støttar opp om ulike aktivitetar, men det trengst nok meir aktiv deltaking også når det gjeld årsmøte o.l. kor ein legg opp planar for komande år. Idrettslaget ynskjer også at folk som har meiningar om drifta eller liknande, kjem med dette. Det kan vera positive/negative tilbakemeldingar til styret, gjerne skriftleg.

Mykje positivt skjer likevel i laget. I 1994 er det fotballen som har dominert. I tillegg til A-lag har det vore minilag 8-10 år, lilleguttlag 11-12 år og guttelag 14-16 år. Det er ikkje få ungar som har deltatt, både gutar og ein del friske jenter.

I 1994 har det også vore volleyball-trening for barn og ungdom med bra framføte. Ei vaksengruppe har også trent volleyball, men her har framføtet vore noko dårlegare. Dei

var like fullt med i Skjoldar-cup, og fekk ein 4.-plass.

Volleyball for damer blei starta før jul. Dametrim blei det lite framføte til, og gjekk ut.

Idrettsskulen har vore populær blant dei yngste, og har hatt inntil 30 medlemmer.

4 personar har tatt friidrettsmerke i 1994. P.g.a. skade hos leiar blei eit kurs avlyst i 1994.

Elles har det vore OL-marsj med 18 deltakarar, og ein marsj som heiter Vårslepp med 40 deltakarar.

Firebruersløpet/Bruamarsjen hadde i 1994 heile 327 deltakarar.

Elles har idrettslaget arrangert 4 dansetilstellingar. Utedansen på Arsvågen gjekk fint, med mykje folk og flott ver.

Idrettslaget har elles under arbeid ein grusbane på den kommunale eigedommen ved Boknasundet kor det også er badeplass under arbeid. Grusbanen vil tidlegast bli ferdig til hausten.

Medlemskontingenten for 1995 er vedtatt til kr. 50,- for alle medlemmer. I tillegg må kvar enkelt betala kr. 50,- for kvar aktivitet dei tek del i (dette gjeld ikkje marsjar). Avtalen med Lasse Sport A/S med 20% på fotball, joggesko og treningsutstyr, og 10% for anna utstyr gjeld også i 1995.

Nye medlemmer er velkomne - ta kontakt med styret.

Når det gjeld å skaffa ordensvakter til idrettslaget sine dansar, har me fått forståing av at det er litt misnøye ute og går.

Ingen likar å få brev der ein blir innkalla til å vera vakt, men utan vakter kan det ikkje bli dans. Me har prøvd å gjera det rettferdig, og har ført opp alle som har vore vakter på data, slik at ein ikkje er oftare vakt enn andre.

Personar som frå i år blir tatt ut til å vera ordensvakt på idrettslaget sine dansar, får fri adgang med fylgje på neste B.I.L. dans.

Styret i 1995:

May Jorunn Vatnaland - formann
Steeven Høyland - materialforvaltar
Oddrun H. Nilssen - sekretær
Trond Almås - kasserar
Arne Hosaas - ungdomsrep.
Helge Kr. Nilssen - ny

Ragnhild Trosnavåg - vararepr.
Liss Sæbø - ny vararepr.
Otto Fostenes - ny vararepr.

Rune Øvrebø gjekk ut av styret, og
Odd Magne Olaussen og Inge
Birkeland gjekk ut som vararepr.

Helsing styret

ÅRSRAPPORT BOKN DISKOTEK

Bokn Diskotek hadde i 1994 et nytt veldig varierende år, med mange positive og negative overraskelser. Mange vil huske våre arrangement på skulen, der me hadde to vellykka tilstelningar. I mars var der dans med Synt & Le og Busserullsen Karl Magnus Sjøen, og i november kom det kjenta bandet Leif & Kompisane.

Sommaren'94 blei heller ikkje i år den den finaste og dermed ikkje den store suksessen for oss. Et sjølvkomponert orkester med to boknarar, prøvde seg ein kald juli dag på Plattingen utan den heilt store oppslutningen. Då noregs største mobile diskotek, Crazy Duck, skulle besøka Plattingen i August, var vergudane heller ikkje på vår side. Sjonar blei då ein provesorisk redning.

Etter sommaren blei me tildelt midlar til oppussing av lokalene fra Bokn Kommune. Oppussinga har pågatt i heile høst, og forandringane er mange. Nytt gulv, møbler, scene, malte tak og vegger for å nevna noko. Like over nyttår kom og eit installert alarmanlegg på plass, og det sjølv sagt etter eit nytt innbrot i høst der det forsvann eiendelar for over 16 000 kroner.

Omsetninga vår i 1994 økte med heile 67 %, og planane for 1995 er klare.

Allerede 11.mars kjem det kvinneliga vokalistbandet Bambuz på besøk, som mange nok vil huska for den gode musikken. Til sist men ikkje minst dette første halvåret kan publikum merka seg datoen 8.april. Då er det klart for ein ny opptreden for synt & l.e. Dei har fått flunka nytt show, og gir ut ein CD om få dagar.

I tillegg kjem våre faste arrangement annankvar laurdag.

Avslutningsvis vil eg takka alle som har vært sentrale støttespillere i 1994, og ønske godt nyttår. Spesielt takk til styret og deira foreldre som har gjort ein veldig god innsats. Bokn Handelslag og sist, men ikkje minst Bokn Kommune.

Med helsing


Bjørn Jøsang

Formann Bokn Diskotek



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

KOMMUNAL MØNSTRING 28.1.1995

Oppslutninga om UKM har vakse i Bokn dei siste åra. Det fekk me også sjå denne laurdags ettermiddagen. Publikumstalet på dette arr. har aldri vore større, og det gjer godt for deltakarane å få den støtta.

Kommunen set også pris på ungdommane sin aktivitet. Det blir m.a. synleggjort ved at juryen består av representantar frå kulturstyret. Juryen vel ut dei innslaga som skal representera Bokn på fylkesmønstringa. I år som i fjor er fylkesmønstringa i Tysværtunet 18. og 19. mars.

I år visste me at ein del av deltakarane ikkje blei med på fylkesmønstringa. Kvar kommune får senda avgårde sceneinnslag på til saman 12-13 min. netto, og her var innslag for det dobbelte og vel så det. Det var ikkje lett for juryen å velja blant innslaga. Kvaliteten har vakse saman med kvantiteten, og det viser seg at litt konkurranse berre skjerpar innstillinga og prestasjonane til deltakarane.

UKM er ingen konkurranse med vinnarar og taparar. Dei som skal representera Bokn på fylkesmønstringa skal visa noko av breidda i kulturlivet til kommunen, og me håpar deltakarar som ikkje gjekk vidare stillar opp att til neste år med enno betre forbereding enn dei hadde denne gong.

DELTAKARAR:

Monica Lindanger	
Ellen Elise Ognøy	"Grei beskjed"
Elise Marie Tollaksen	
Anne Margrethe Faye	
Kjartan Jensen	"Savner deg"
Bianca Alvestad	
Bjarne Våga	
Magnus Blikshavn	"Bokn, kor e' du?"
Frank Svendsen	
Kirstin Hosaas	
Synnøve Frøiland	"Tjuvar på ferde"
Cecilie Larsen	
Susanne Grønnestad	
Geir Helge Christiansen	"Gutten"
Lene Jensen	
Lene Herigstad	"Åsmund Frægdegjæva"
Ingri Are	
Lillian Grønnestad	
Bianca Alvestad	
Marita Svendsen	
Anne Tove Øvrebø	"Sjøllaga melodi"

REPR. TIL FYLKESMØNSTRINGA:

- * "Tjuvar på ferde"
- * "Åsmund Frægdegjæva"
- * Sjøllaga melodi

* Videoen "Bokn, kor e' du?" stiller i ein annan kategori enn sceneinnslaga, og går automatisk vidare til fylkesmønstringa.


Jardar Havikbotn

BIBLIOTEKET - gratis å spørje gratis å få svar

LESETIPS

BARN/UNGDOM

Hagen, Lise:
Oker, Rut og fargene

Røst, Gro:
Johanne og hemmeligheten
i Paris

Fine, Anne:
Rent mel i posen

Magorian, Michelle:
En liten sang
om kjærlighet

VAKSNE

Hollup, Anne Grete:
Celias kjærlighet

Hovland, Ragnar:
Eline og Julie
tar ferja

Atwood, Margaret:
Røverbruden

Margolin, Phillip:
Borte, men ikke glemt



Støtt Den Norske Kreftforenings omsorgsarbeid, bli med i kampen mot kreft!

*Invitasjon til foreninger, lag og privatpersoner i Bogn til å støtta aksjon
Liljer For Liv 1995.*

Den Norske Kreftforening kommer i disse dager med en spesiell oppfordring til foreninger, lag og enkeltpersoner i Bogn om å støtte opp om det omsorgsarbeidet som foreningen gjør i Rogaland. I perioden 17. mars - 07. april skal Den Norske Kreftforening igang med en landsomfattende innsamlingsaksjon.

Foreningens påskeaskjon LILJER FOR LIV er et koselig vårtegn, som symboliserer håp om lysere dager i sin alminnelighet, og for de som trenger omsorg i sin særdeleshet.

Med frivillige krefter tar Den Norske Kreftforening sikte på skaffe til veie 9 millioner kroner på landsbasis. Gjennom dør- til - døraksjon skal vi selge vårt populære jakkemerket med liljemotiv. Pris pr. stk er kr. 30.- For de som ønsker det er her mulighet for å trekke ut 15%provisjon som kan gå til felles aktiviteter i laget, eller som lønnepenger til den enkelte selger.

Antallet kreftpasienter vil øke sterkt i årene fremover.

Med utgangspunkt i dette faktum møter Den Norske Kreftforening denne utfordringen med å samle inn penger til omsorgsarbeid. Som medspillere ber vi om at det norske folk står sammen og forener felles krefter for kreftsaken.

Som et ledd i vår målsetting har vi idag etablert et omsorgsenter i hvert fylke. Her kan pasienter og pårørende henvende seg for samtaler. Henvendelsene øker på etterhvert som vi blir kjent i fylke.

Sykepleierkonsulentene ved Omsorgsenterene driver også i stor grad undervisning til helsepersonell, og blir på denne måten et supplement til det offentlige.

Behovet for omsorg blant kreftpasienter og deres pårørende er stor. Kreft er i større grad enn andre sykdommer ledsaget av frykt og usikkerhet. I tillegg til medmenneskelig kontakt, støtte og omsorg for den krefttrammede og for pårørende, er det behov for praktisk hjelp og veiledning.

*Nærmere opplysninger om aksjon LILJER FOR LIV 1995 kan du få ved å henvende deg til:
Trudi Helland ved DNK's Omsorgsenter tlf: 51522751 eller privat: 51588847.*

15-ÅRS JUBILEUM

Bogn Pensjonistforening er ikkje eldre enn ein tenåring. den 2. februar rundar foreninga 15 år. Jubileet skal dei markera med eit festmøte med middag den 22. februar.

Rundskriv om dette vil bli utsent seinare.

**NØKKELKNIPPE m/ 4 nøklar
funne på gamle Kyrkjebygd skule.
Henv. til Jardar, Kulturkontoret**

TAKK FOR GODT SAMARBEID
Jeg vil takke kunder og andre for godt samarbeid den tida jeg var på **HÅRFIXEN**. Jeg velger nå å være hjemme, og min del av salongen blir overtatt av Mona.

Hilsen Anita



Bokn kommune Kommunale avgifter 1995

Bokn kommune har i møte 20. des. 1994 vedtatt fylgjande sat-sar (ekskl. merverdiavgift):

VANNAVGIFT:

Tilknytningsavgift:

Minsteavg. inntil 150 kvm kr. 15.000,-

Avg. for areal utover dette pr. kvm kr. 70,-.

Årsavgift:

Hus: Minsteavg. for inntil 250 kbm forbruk kr. 1000,-.

Hytter: Minsteavg. for inntil 125 kbm forbruk kr. 493,-.

Forbruk utover dette pr. kbm kr. 3,10.

KLOAKKAVGIFT:

Tilknytningsavgift:

Minsteavg. (hus inntil 150 kvm) kr. 15.000,-.

Avgift for areal utover dette pr. kvm. kr. 26,40.

Årsavgift:

Hus, avrenning for inntil 250 kbm. kr. 900,-

Hytter, avrenning for inntil 125 kbm. kr. 444,-.

SLAMAVGIFT: kr. 416,-

RENOVASJONNSAVGIFT:

Årsavgift:

Bustadeigedom kr. 910,-.

Hytteigedom kr. 520,-.

Nærare opplysningar om avgif-tene kan ein få ved teknisk etat.

Teknisk sjef

Frå 01.01.95 skal desse betalingssatsane gjelda for praktisk hjelp i heimen (timesats):

Inntekt inntil 2 G (f.t. kr. 76.160)	kr. 25,-
2 - 3 G (f.t. kr. 76.160 - kr. 114.280)	kr. 30,-
Over 3 G (f.t. kr. 114.280 -)	kr. 45,-

For 1995 skal maksimalt vederlag pr. år vera slik:

Netto inntekt:	Utgiftstak
Inntil 2 G (kr. 76.160)	kr. 600
2 - 3G (kr. 76.160 - kr.114.280)	kr. 6.000
ver 3G (kr. 114.280)	kr. 9.000

- Levering av varm mat skal kosta kr. 30,- pr porsjon.
- Husmorvikartenester, heimehjelpstenester og ambulerande vaktmeistertenester går alle inn under ordninga under begrepet praktisk hjelp i heimane.
- Det skal førebels ikkje betalast for heimesjukepleietenester.
- Det skal ikkje vera avgift på tryggleiksalarm.



BOKN KOMMUNE

4290 Bokn
Tlf. 52 74 85 00

BUSTAD TIL SALS PÅ KLOKKARGARDEN

Bokn kommune skal selja ein
einebustad på Klokkargarden.

Bud kan gis inn til Bokn kommune,
4290 Bokn, innan 1.03.95

Opplysningar om eigedomen,
omvisning m.v. kan ein få ved å
venda seg til teknisk etat.

*Hjarteleg takk for den store
deltakinga og medkjensla, for
kransar og blomar ved vår kjære
Daniel Are sin bortgang*

Berit m/familie

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

TELEFONNUMMER FOR ØYEBLIKKELEG HJELP

BRANN: TLF. NR. 110
POLITI: TLF. NR. 112
LEGEVAKT SJUKEHUS TLF.NR. 113 (Vert brukt ved livstruande tilstand)

BOKN LEGEVAKTSENTRAL: TLF. NR. 52 74 85 22

Dette nr. skal alltid brukast når ein vil ha kontakt med sjukepleiar/legevakt ved
Bokn sjukestove.

Når de nyttar dette nummeret kan me setja samtalen i direkte kontakt med lege
eller sjukehus dersom det er nødvendig.

Dette vil auka tryggleiken for dykk og kvaliteten på den hjelpa me kan gi.



Helsetenesta og teknisk etat i Bokn kommune

KULTURKALENDER VÅREN 1995



Kalenderen blei sendt ut til husstandane i romjula. Det har kome nokre henvendelsar frå folk som likevel ikkje har mottatt han.

Det er framleis ein del att på kulturkontoret. Ta kontakt med Jardar dersom de av ein eller annan grunn ikkje har fått kulturkalenderen.

Foto: Åse Bryne Berg



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET
4290 BOKN
Tlf.: 52 74 85 00
Fax: 52 74 86 77

HUS I ALVESTAD TIL SALGS

Byggeår 1970. To etg. 1. etg: stue, kjøk., 1 sovev., toal., gang: 104m².

Underetg: 3 sovev., bad m/wc, badekar og dusjkab., vaskerom, gang og 3 boder: 74m².

Vel 1 mål opparb. og bepl. tomt m/garasje, redsk.hus og drivhus.

En del møbler kan medfølge.

Bud ønskes. Tlf. 52 74 84 72 e.kl.18

LEILIGH. TIL LEIE I FØRESVIK

Det blir ledig leilighet på 100m² i nybygg fra ca. 1. mai. Leiligh. har stor stue, fhv. stort kjøkken, 1 sovev., baderom m/wc og dusjkab., vaskerom, gang og bod. Husleie kr.2.200,- pr. mnd. Sentralstøvsuger og varme i alle gulv utenom bod. Garasje kan leies hvis ønskelig.

Tlf. 52 748472 e. kl. 18.00.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: KR. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT:

- 02.02: Årsmøte i Bokn Swingklubb
kl.20.30 i Allrommet.**
- 03.02: Bokn Kr. Ungdomsklubb**
- 04.02: Åpent hus på Speidarhuset
kl.12 - 16**
- 05.02: Karmsund Indremisj.- møter
Bokn bedehus**
- 08.02: Hagelagsmøte kl.19.30 på
Allrommet. Landskapsark.
Ann Kr. Almaas:
Hageplanlegging.
Kaffi/utlodning.
Alle velkomne!**
- 09.02: Årsmøte Bokn skulekorps
10-**
- 12.02: Blå Kors - møter på Bokn
bedehus**
- 17.02: Bokn Kristelege
Ungdomsklubb**
- 21.02: Speidarbasar i Bokn
Bedehus kl. 18.30.**
- 26.02: Kristenrussen har møte på
Bokn Bedehus kl. 19.30.**
- 26.02: Fastelavenskonsert, Bokn
skule - Arr: Bokn Brass**
- 28.02: Møte Bokn bedehus - Indre
sjømannsmisj.**



Bokn kyrkje:

- 05.02.Kl.11: Gudsteneste
v/ Helge Gaard.
Nattverd.
Offer til Kyrkjetonar.**
- 19.02.Kl.11: Familiegudsteneste
v/ Aurdal.
Utdeling av bibel til 4.klasse.
Dåp.
Offer til Bibelselskapet.**

FOTPLEIE

**Onsdag den 8. februar
Påmelding tlf. 52 74 85 00**

SUNDAGSSKULE

**Sundag 12. febr. kl. 14.00 på
Gamleskulen**